

Publisert i Billedkunst nr 3 2018

Månen i kroppen

Arild Våge Berge
«Depôt»,
Rom 61, Bergen
22.05.2018-25.05.2018

Torbjørn Rødland
«Fifth Honeymoon» Festspillutstillingen 2018,
Bergen Kunsthall
24.05.2018-12.08.2018

Somme gonge går ein på utstillingar ein ikkje visste om før dei plutseleg dukkar opp på dei mest underlege stadar. Utstillinga «Depôt» av Arild Våge Berge på eit prosjektrom i Møllendalsvegen, var ei slik utstilling. Nokre dagar seinare gjekk eg på Torbjørn Rødlands «Fifth Honeymoon», årets festspillutstilling på Bergen Kunsthall. Begge utstillingane involverer månen og fotografi. I Rødland si utstilling blir månen sentral i tittelen i form av den doble betydninga i ordet «honeymoon», medan i Berge si utstilling fann eg blandt anna fotografi av månen.

Eg hadde alltid trudd at min relasjon til månen var personleg. At det me hadde var noko anna. Så blei eg fornærma fordi nokon andre hadde fotografert den. Kanskje kjenner alle dragninga mot månen, gravitasjonen, og det å ha lyst til å ta med seg månen heim under dyna og kjenne varsamt med ein fingertupp på den kalde overflata og inhalere støvet.

Stillheita

Alle veit vel at det ikkje er lyd utanfor atmosfæren, og at «big bang» difor gjekk føre seg utan bråk. Då eg kom inn i Berge si utstilling, trur eg at eg kjende litt av denne stillheita. Som om lufta i rommet hadde endra seg.

Eg er ofte mest oppteken av det som skjer *mellom* verka i ei utstilling. Ved det første verket eg stoppa opp ved her, blei liksom rommet rundt meg borte. Så blei eg borte, på den måten ein ei sjeldan gong kan miste seg sjølv i kunst. Så stod berre det uforklarlege att. På veggen var det montert strimler av tapet og ei lang svart remse med noko eg ikkje klarte å identifisere. Noko som glitra svakt utan å reflektere klisjear, og utan å vera stjerner. Når eg løfta augo litt høgare opp, såg eg ei framstilling av universet - eller rettare sagt den delen me *trur* at me har forstått litt av. Og det går ikkje an å definere universet på eit papir, eller definere kva stoff den svarte strimla er. Lengre nede på veggen var det ei rekke med svartkvittfotografi av ein liten figur i romdrakt. Fotografia var grumsete på ein måte som framhevar avstanden mellom det fotograferte og den fysiske verkelegheita. Og, i dei små bileta som ikkje var større enn at dei kunne krøllast saman inni handam kjende eg det same som når eg ligg på ryggen på åkeren og ser ned i universet.

Seinare fortalde berge at dei små fotografia av figuren i romdrakt, er fotografi faren har teke av TV-skjermen frå direktesendinga av den første månelandinga, og at han fekk dei då faren kvitta seg med desse. Eg kjende at alle laga av glas mellom synet og opplevinga, kor romdrakta, TV-skjermen, kameratet, og papiret dei er trykka på, var eit ønske om å «ta på» månen. Kome tett på månen, lukte på den. Kanskje mitt ønske. Eg forstår ikkje korleis det går an å eige slike bilete utan å ha lyst til å ha dei fastlimt på innsida av jakka. Eg sat meg ned for å sjå meir på den vesle figuren som hoppa

som ein idiot langt der ute i verdsrommet, langt attende i tid. Eg forstår verkeleg ikkje kva det vil seie å vera menneske.

Mellom treverket og det uforståelege

Eg har ikkje i den grad før opplevd å vera i ei utstilling kor rommet blir «borte», anna enn i William Kentridge sin videoinstallasjon *The Refusal of Time* (2012) (vist ved «dOKUMENTA 13»). Men der var eg inni ein omsluttande lydinstallasjon med lyd som gjekk inn i kjøt-trevlane. Berge sitt «Depôt» bestod (kanskje ikkje så overraskande, tittelen tatt i betraktning) av delar frå gammalt interiør, stein, trestubbar og fotografi, sortert og montert på ein måte som ligg midt imellom arkiv og det å leite etter noko med hendene - å fysisk romstere med logikken. Verka var ikkje konklusjonar, men hadde ei ibuande endring i seg. På golvet midt i rommet stod ei samling objekt. Ved sida av ein trestubbepakka plast, var det malt ein firkant på golvet. Kanskje markering av noko som har blitt borte. Kanskje tida sjølv. Kanskje er det berre i idéverda at noko kan definerast, fordi verkelegheita ikkje står stille nok elles. Her på golvet fann eg óg ein stein og ein trestokk bunden fast med ein plankebit i midten. Det var ein gong nokon som sa til meg at det ikkje går an å eige ein stein. Men dette er Berge sin stein. Den har fulgt han ei stund, og blitt med i fleire av arbeida hans. Han fortel at dei kjem frå same plassen, og at trestubben den er samanbunden med, er frå eit tre på heimstaden som blei felt på grunn av utbygging. Karl Ove Knausgård skriv i *Sjelens Amerika* (2013) om kvifor tre ikkje har auge, og om det å stå og sjå på det same alltid. Å ikkje kunne gå framover og sjå kva som ligg bak neste sving.

Om å eige minne

Kanskje bør ein stoppe opp nett her, mellom treverket og det uforståelege, og stille spørsmål ved nettop det nostalgiske i denne utstillinga. Det eksisterer ofte ei motstand mot nostalgi fordi det blir sett som ukritisk romantisering. Berge har óg tidlegare jobba med minne knytt til menneske og staden han vaks opp. Han fortel at interiørfragmenta kjem frå eit hus som har vore lenge i slekta, som no skal pussast opp. Eg undrar meg om i kva grad det går an å snakke om minne utan å vera nostalgisk, og kvifor ein skal late som om det eksisterer ein distanse til det ein har mellom fingertuppene og fortida. Ein høyrer óg ofte at «me må jo framover», men kanskje handler det mest om kapitalismen som har planta eit behov for framdrift i tankegangen, slik at ein trur at alt veltar om det står i ro. Samstundes brukar menneske mykje ressursar på å ta vare på ting, og stogge endringar.

I utstillinga til Berge dirrar avstanden mellom dei nære ting og universet. På den eine veggen heng noko som ser ut som eit fotografi av eit fotografi av månen. I overflata ligg mykje støy som får meg til å tenkje på alle forsøka på å fotografere solformørkinga som skulle bevise Einstein sin relativitetsteori. Eg høyrde ei gong at månen er på veg vekk frå jorda, og at det finnst ein gamal mann som i tretti eller fyrsti år har reist med mopeden sin til toppen av eit fjell for å måle avstanden mellom jorda og månen ved hjelp av ei laserstråle. Kvart år reiser den om lag 5-10cm lengre vekk. Ikkje mopeden, men månen, og ein dag er den kanskje borte på same måte som andre personlege ting.

Som ei blanding av ein omveg og ei innramming har Berge brukt plankar til å lage både distanse, og knytte saman dette fotografiet av månen med eit fargefoto av nyare dato som viser eit slags plata eller utsiktspunkt bygd i eit tre. For oss som vaks opp med hyttebygging, handlar dette både om å onstruere sitt eige univers, og det å sitje og glo ut i verkelegheita frå eit eigendefinert punkt. Kanskje vil litt av spora etter menneskeleg aktivitet i treet, eller spora på månen, stå att den dagen menneskearten har klart å destruere sitt eige livsgrunnlag. OG eg tykkjer at tanken på eit univers utan liv er vakkert.

Så seier eg til berge at eg ikkje likar at han har eit forhold til månen fordi eg alltid har trudd at min relasjon til månen var personleg. Han svarar at månen ligg med alle.

Før eg går ut, snur eg meg ei siste gong og ser på ein einsleg kvitmalen planke som står lent opp mot veggen. Oppe på planken ser eg ein spiker med spor etter å ha blitt riven laus.

Kadaver utan sjokoladesaus

Torbjørn Rødland har i sin lange karriere vore trufast mot fotografiet som medium, med nokre sidesprang innom video. Eg må innrømme at eg i utgangspunktet er svak for folk som insisterer på å tvihalde på si greie på den sta og trassige måten. (Her skulle det kanskje stå eit «men» etterfulgt av ein litt motstridande konklusjon. Det kjem ikkje, og du kan sjølv finne på ulike potensielle setningar som kunne ha starta med «men...»)

Det er mykje som tyder på at Rødland likar ting som er klissete, eller ting som har fått renne, og så stivna i si form. Han har tidlegare i fotografia sine vore innom blant anna vin, matrestar, lateks, smelta sjokolade, rennande maling og stearin. Kanskje var det først her, i det rennande klisset, at ordet «honeymoon» (honning- og -måne) blei valt som ein del av tittelen på utstillinga. Når det gjeld den andre og kanskje meir vanlege måten å lesa ordet på, så veit eg faktisk ikkje korleis det fungerer når ein giftar seg fordi eg aldri har prøvd å setje meg inn i det. Kanskje viser tittelen til ein repetisjon, til hans forhold til fotografiet, eller kanskje til det ein i hans tidlegare arbeid somme gonge har sett som eit «pervertert ubehag». Men dette ubehaget er lisom borte i denne utstillinga, og eg saknar det. Det einaste som står att, er at fotografia hans er av bra teknisk kvalitet, og at han har stålkontroll på å bruke ljuset til å modellere med. Men det er ikkje nok å vera «flink pike», og eg klarar ikkje lirke meg gjennom overflata for å leite etter noko bakanfor. «Fifth Honeymoon» inneheld fotografi av blant anna menneske i introverte interaksjonar, fragment, objekt i ulike formar av saus, menneske i dialog med objekt, fiskekadaver i sand, føter av eit klauvdyr i sand med fluger på, godteri, og andre ting som tydeleg er innanfor hans velutvikla visuelle vokabular av «sosiokulturelle referansar» (slik pressemeldinga forklarar det). Men ved eit par av arbeida tenkte eg at det kanskje er slike ting ein finn om ein skal kjøpe «kunst» på IKEA.

I det vesle heftet over vårens utstillingar, omtalar Rødland utstillinga si slik: «Utstillingen vil romme fargebilder av ansikter, kroppar og tabletop -arrangerte objekter samt dobbeleksponeringar i svart-hvitt, hovudsakelig fotografert i Los Angeles.» Og etter å ha sett utstillinga, og gått inn og sett den ei gong til, tenkjer eg at det kanskje ikkje er meir ved det enn det som ligg i hans eiga beskriving.

Beklager Torbjørn Rødland. det var ikkje berre det at arbeida dine var blodfattige og uengasjerte, eller at det ikkje var spor etter sjokoladesaus på dyrekadavera som var avfotograferte. Det handlar òg om at det faktisk ikkje er så enkelt at kunsten blir større av å puttast inn i eit større rom, eller ved å ha eit større areal kvite veggjar mellom verka. Kanskje eg ikkje hadde nok fokus. Men, eg skal gje deg ein sjanse til. Eg må berre prøve å få månen ut av kroppen først. Ein anna dag, Rødland.